



Dei tre frå ungdomsskulen i Rosendal sit her rett overfor sekretær Kristian Bringedal. Dei er frå venstre Sebastian Lamberg, Vegard Døssland og Alexander Rebaudo – dei siste er frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ungdomens kommunestyre for 2008/2009 hadde første møtet sitt i rådhuset torsdag og valte to frå Kvinnherad vidaregåande skule som leiar og nestleiar – Henriette Thorsen og Alexander Løyning. To av dei tre frå Rosendal ungdomsskule som er med dette skuleåret kjem frå Uskedalen – det er 15-åringane og tiandeklassingane Vegard Døssland og Alexander Rebaudo,**

Sebastian Lamberg er tredjemann frå denne skulen. Då Vegard og Alexander presenterte seg opplyste dei at dei på fritida driv med musikk og fotball og Aleksander kunne opplysa at han nyleg også har starta med klassisk song.

- Alle som er med frå i fjor og som kunne ta attval gjorde det. Det er flott å registrera, sa kultursjef og sekretær i UKK Kristian Bringedal då han innleia. Sju av dei 14 i kommunestyret er nye.

I tillegg til presentasjonen og valet av leiar og nestleiar var dette første møte nærmast ein skuletime om kommunale oppgåver og sjølvsgagt om kva UKK skal driva med og ha ansvar for..

Bringedal opplyte at ordførar Synnøve Solbakken "nesten har møteplikt" i UKK men at ho måtte vera på Husnes denne dagen. Sekretæren vil leggja fram innstillingar for UKK, med medlemene står sjølvsgagt fritt til å endra på innstillingane og komma med nye forslag. Og så kan dei ta opp eigne saker.

I neste møte skal dei unge mellom anna fordela 30.000 kroner – halvparten av årsløyvinga – på ulike ungdomstiltak.

Ei anna viktig oppgåve for UKK er å løyva midlar frå fondet for Solsikkeprisen til talentfull ungdom og andre spesielle tiltak som til dømes turar, stipend og seminar.

I fjor fekk den lovande musikaren Vegard Døssland 10.000 kroner frå dette fondet til kjøp av ein ny og meir avansert kornett.

Kva har så uskedelingane tenkt seg å få utretta i dei nye verva sine?

Vegard svarar at dei håpar å få i gang gode tiltak som alle får fordel av. Men dei nemner spesielt at dei vil ta opp ei sak som har med bussrutene i området Rosendal/Uskedalen/Husnes å gjera og som er særleg aktuell i helgane.

Siste bussen frå Rosendal går klokka halv ti og det er altfor tidleg.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er det nye UKK, med dei to uskedelingane Vegard Døssland og Alexander Rebaudo sittjande som nummer to og tre frå venstre.  
(Foto. Ola Matti Mathisen)